

## PINSE

*Tre i ett, det er lett! Her har vi Signe, vår kursdeltaker, allerede godt vant med å legge duken på alteret hver gang vi starter. Signe er arbeidskollega til Leif-Olaf borte på ASVO. Men Signe er også bestevenninne til Vera – de har til og med samme adresse! Men Signe er da også jenta til moren sin, og hun heter Sigrid. Tre i ett, det er lett! Finner vi flere eksempler? Presten er både pappa, sønn og ektemann. Og likevel er han jo alltid bare Anders prest! Tre i ett, det er lett!*

Å forklara at Den heilage ande er blant oss, er vel kanskje noko av det mest abstrakte det er mogeleg å forholde seg til. Anden, eller “pneuma” på gresk, er bokstavleg tala eit ganske luftig tema. Reint intellektuelt er dette ganske umogeleg å forklara med ord, enten det er til barn eller til menneske med intellektuelle handikap.

Kva kjenneteiknar Anden sitt nærvær? “Og Guds fred, som går over all forstand ...” (Fil 4,7). Ei kjensle – og samstundes noko meir djuptgripande enn dette. Ei oppleving av eit heilagt nærvær. Den heilage ande er på ein måte den viljen Gud har gitt oss til å gå i den retninga Han vil. Jeremia skriv dette om den nye avtalen eller pakta Gud har gjort med oss: “Eg legg mi lov i sinnet deira og skriv henne i hjartet deira. Eg skal vera deira Gud, og dei skal vera mitt folk” (Jer 31,33).

Den heilage ande er først og fremst Jesus hos oss og i våre hjarte. “Eg vil ikkje la dykk vera att som foreldreause born. Eg kjem til dykk”, seier Jesus til sine vener (Joh 14,18). Før Anden kom på pinsedagen, var venene til Jesus avventande og tilbakehaldne. Dei isolerte seg. Men då Anden openberra seg, sprengte dei bokstavleg talt dørene og måtte fortelja alle den gode bodskapen. Anden er som lufta og vinden. Lufta som vi pustar i og som vinden som fyller segla på båten og driv den framover. Anden er vår livsnerve og vår drivkraft.

Vi kan ikkje sjå Anden, men vi kan kjenna den inni oss. Akkurat som vinden.

For å synleggjera dette på ei kurssamling kan vi til dømes laga

vind. Deltakarane kan stå i midtgangen med eit stort tøyestykke imellom seg. Så kan alle laga rørsler med tøyestykket. Desse rørsleane lagar vind. Denne vinden kan ein lett kjenna. Ein kjenner trykket frå vinden i ansiktet og opplever at hårtustane flagrar. Ut frå denne erfaringa kan ein assosiera kva eigenskaper vinden har. Dermed er det mogeleg å trekkja ei samanlikning mellom Anden og vinden.

Pinsa er kyrkja sin fødselsdag. Pinsa er også ein forsmak på det som skal koma.

## MATERIELL

- dekket bord
- materiell til prosesjon: blomster, duk, lys, bøker, prosesjonskors
- kamera
- stort laken/pledd som man kan lage vind med
- finne fram løse symboler i kirken, som symboliserer Den hellige ånd
- lokalisere faste symboler i kirken, som symboliserer Den hellige ånd
- legge materiellet klart på forhånd
- Bilder fra forrige gang til arbeidsheftet legges klart.



## KJØREPLAN

	ANSVARLIG
Velkommen i våpenhuset eller menighetssalen Se på arbeidsheftet og få bilder fra forrige gang Utdeling av altergjenstander til prosesjon	
Prosesjon. Dekking av alterbordet	
Åpningsliturgi	
Sang	
Ånden som vind og som drivkraft Vi kan lage vind. Vi kan bruke et stort laken eller lignende og lage vind	
Hvilke symboler for Den hellige ånd finner vi i kirken?	
Utgangsprosesjon	
Mat til alle!	
Utdeling av diplom dersom det er siste samling	

